



NVE

Løyve til

Erosjonssikring i Sogndalselvi

Sogndal kommune i Vestland fylke



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshavar	Ada Sogndal AS
Referanse	202317336-11
Dato	22.08.2024
Ansvarleg	Gry Berg
Saksbehandler	Silje Aakre Solheim

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.



Innhald

1	SAMANDRAG	1
2	SØKNAD.....	2
3	HØYRING	11
4	NVE SI VURDERING	14
5	NVE SIN KONKLUSJON.....	19
6	FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK	19
7	KONSESJONSVILKÅR FOR LØYVE ETTER VASSRESSURSLOVA.....	20

1 Samandrag

ADA Sogndal AS søker om å gjennomføre eit sikringstiltak i Sogndalselvi ved Sogn Handelspark. Det er oppgitt tre alternativ for sikring i søknaden og søker har prioritert blant desse.

Statsforvaltaren i Vestland meiner alle tre alternativa kan gjennomførast med akseptable konsekvensar for naturmiljø, landskap og friluftsliv. Dei legg til grunn at det blir stilt krav om avbøtande tiltak i form av tilrettelegging for kantvegetasjon, habitattiltak for fisk og avgrensing av anleggsarbeid. Vestland fylkeskommune kjenner ikkje til kulturminne som vil bli påverka av det planlagde tiltaket. Aktørane i Sogn handelspark skriv i sin uttale at alternativ 1 er å føretrekke då dei to andre alternativa vil medføre ei rekke ulemper for deira verksemdar. Sogndal Jeger- og Sportsfiskarlag viser til at dei har planar om habitattiltak i elva på same strekning som det skal erosjonssikrast, og dei meiner dette arbeidet bør samordnast. Dei viser også til at det har samla seg opp massar i svingen ved den planlagde forbygginga og lurar på om det kan vere aktuelt å fjerne desse massane for å skape eit breiare elveløp og lågare fart på vatnet.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Sogn Handelspark er etablert nær Sogndalselvi og det er behov for å sikre mot flaum over ei strekning på 150 m. Det er også planlagt ein elvesti knytt til sikringa. Vassdraget er verna etter Verneplan for vassdrag og det er oppgang av anadrom fisk forbi området. Med restriksjonar om tidspunkt for gjennomføring av arbeidet, fokus på reetablering av kantvegetasjon og habitattiltak for anadrom fisk meiner NVE at tiltaket ikkje er i strid med vernegrunnlaget for Sogndalselvi.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev ADA Sogndal AS løyve etter vassressurslova § 8 til å erosjonssikre Sogndalselvi ved Sogn handelspark etter alternativ 1 i søknaden. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.



2 Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå ADA Sogndal AS, datert 3.11.2023:

«ADA Sogndal AS ønsker å gjennomføre sikringstiltak i Sogndalselvi i Sogndal kommune i Vestland fylke, og søker herved om følgende tillatelse:

Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- å gjennomføre erosjonstiltak langs del av Sogndalselvi*

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning.»

2.1 Hovuddata for erosjonssikring i Sogndalselvi

Hovudalternativ		
Lengde på påverka		
elvestrekning	m	150
Noverande breidde på elva	m	Snitt ca. 25
Noverande djupne i elva	m	0,5-1
Breidde på elva etter tiltak	m	Snitt ca. 25
Djupne i elva etter tiltak	m	0,5-1

2.2 Om søkjar

Søkar er ADA Sogndal AS.

2.3 Grunngeving for tiltaket

På bakgrunn av stor fare for erosjon i vårflaumen 2022 vart det etablert ei flaumsikring i form av plastring på den aktuelle staden. I ettertid har det vist seg at plastringa ikkje er god nok og det er difor søkt om å etablere ei sikring over ein strekning på ca. 150 m i Sogndalselvi.

2.4 Bakgrunn for saka

Reguleringsplan for Sogn handelspark vart godkjent den 11.12.2008. I samband med utbygginga vart det også etablert ein elvesti. Den 14.3.2022 vart NVE kontakta av Nordplan fordi det var oppdaga erosjon i ei elveskråning som følgje av arbeidet med Sogn Handelspark, og det var behov for sikring.

I brev av 18.3.2022 opplyser NVE om at det utførte arbeidet langs Sogndalselvi ikkje har vore vurdert etter vassressurslova. Vi anbefaler difor at det vert laga ein detaljert plan for sikringsarbeidet der det mellom anna skal vere fokus på tidspunkt for gjennomføring og omsyn til vassdragsvernet. Vi vart igjen kontakta av Nordplan den 4.4.2022 med informasjon om at tiltakshavar på bakgrunn av stor fare for erosjon i vårflaumen hadde valt å gjennomføre tiltaket utan at plan vart sendt til NVE på førehand. Dei stiller også spørsmål ved kor detaljert sikringsplanen må vere for eit utført tiltak. NVE skriv attende den 7.4.2022 at planen skal vere like omfattande som for eit tiltak som ikkje er utført.

Den 30.5.2022 bad Sogndal kommune NVE om uttale til søknad om erosjonssikring. Ved utarbeiding av plan har SWECO gjennomgått det utførte tiltaket og konkludert med at det er av for dårleg kvalitet og at det difor er nødvendig å utføre tiltaket på nytt og med eit



større omfang. NVE gav uttale den 13.6.2022 der vi mellom anna stiller spørsmål ved om elvestien er etablert i tråd med reguleringsplanen. Vi etterspør også vurdering av avbøtande tiltak for fisk og vurderer vurderingane gjort i forhold til kantvegetasjon som mangelfulle. Vi ber også om tilbakemelding på kva vurderingar som låg til grunn då det vart nytta finmassar til etablering av elvestien og på om det er gjort vurderingar knytt til elvestien som flaumareal i periodar med stor vassføring. Den 17.3.2023 sendte Sogndal kommune oppdatert søknad på høyring til oss.

NVE svarte på brevet frå Sogndal kommunen den 8.5.2023 med eit vedtak om at det planlagde tiltaket er konsesjonspliktig. I dette brevet gav vi også tilbakemelding om at ein konsesjonssøknad skal innehalde eit alternativ der sikringa er trekt så langt vekk frå elva som det let seg gjere, og dermed i større grad gjev plass til elva og ein funksjonell kantvegetasjon enn det som no er planlagt. Vi skreiv også at hovudfokus i søknaden, i tillegg til sikkerheit, skal vere på tiltaket sine konsekvensar for vassdragsvernet, kantvegetasjon og anadrom fisk.

Kartmateriale og stadfesting frå Sogndal kommune viser at det er bygd utanfor tiltaksgrensa til godkjent reguleringsplan. Eksisterande mur er mellom anna bygd inntil sju meter utanfor, utan at det er gitt dispensasjon til dette. Eit av bygga står også nærare enn planen opphavleg gav rom for. Dette har Sogndal kommune gitt dispensasjon til. Verken NVE eller Statsforvaltaren fekk dispensasjonssøknaden til uttale.

2.5 Skildring av området

Sogndalselvi ligg på nordsida av Sognefjorden mellom Fjærlandsfjorden og Veitastrondsvatn, med utløp i Sogndalsfjorden.

Tiltaksområdet ligg innanfor eit dallandskap som er middels sterkt nedskore frå omkringliggande åsar og fjell. Landskapet er prega av ein arealbruk med kombinasjonen jordbruk og busetnad, og ligg i ytre del av Sogndal sentrum. Med siste del av utbygginga av Sogn handelspark på sørsida av Sogndalselvi og ei realisering av områdeplan Campus Sogndal, vil områda på begge sider av elva vere prega av intensiv utbygging. Området der det skal gjennomførast sikringstiltak er dominert av fluviale avsetningar, det vil seie materiale som er transportert og avsett av elvar og bekkar med sortert sand og grus. Like oppstraums tiltaksområdet er området dominert av glasifluviale avsetningar med materiale transportert og avsett av breelvar.


Sogn handelspark ligg innanfor eit område som er dominert av bratte skråningar i nord-sør retning. Området er tilrettelagt for utbygging med kombinasjonen delvis utfylling mot elva spesielt i det austlege området, medan det i sørleg retning er tatt ut massar/skore inn i terrenget for å skape tilstrekkeleg flatt terreng.

2.6 Eksisterande inngrep

Området der sikringstiltaket er planlagt ligg innanfor eit smalt, skrånande areal mellom platået der Sogn handelspark er under utbygging og Sogndalselvi. På bakgrunn av fare for erosjon under vårflaumen i 2022, vart det etablert ei flaumsikring i form av plastring mellom gbnr. 63/15 og Sogndalselvi. Denne plastringa dekkar ei strekning på ca. 40 meter. Plastringa er bygd som ei damplastring. Det flate partiet i overkant av plastringa er tiltenkt å vere sti/gang- og sykkelveg langs elva (elvestien). I øvre del av plastringa er overflata relativt ru, men blir meir glatt i nedre del. Kantvegetasjonen er bevart enkelte stadar framfor plastringa, men på sjølve plastringa er det ikkje tilført jord, og det er heller ikkje etablert kantvegetasjon i bakkant av den eksisterande plastringa. Ved normalvassføring ligg plastringa noko tilbaketrekt frå det vassdekte arealet og substratet er



relativt variert framfor sikringsfoten. Ifølge rapport frå Sweco (2023) er steinen som er nytta i plastringa for liten, og plastringa for låg til å motstå erosjon og utvasking ved ein 200-årsflaum.




Figur 1: eksisterande sikring. Platået under muren er tenkt som elvesti. Bilde frå søknaden.

Nedstraums tiltaksområdet er det også gjennomført betydelege flaumsikringstiltak langs elva gjennom sentrum av Sogndal. Det er også gjennomført sikringstiltak i sidevassdrag rett nord for tiltaksområdet på nordsida av riksveg 5 Fjærlandsvegen.

Det har tidlegare vore drive jordbruk nesten heilt inn til elva i det aktuelle området, og dette har også tidlegare gitt liten plass til kantvegetasjon. Kantvegetasjonen kan beskrivast som glissen og finnast berre stadvis og i eit tynt belte langs elva.

På nordsida av elva, tvers ovanfor tiltaksområdet er det tilsvarande spreidd og glissen kantvegetasjon, og dyrkamarka strekk seg i hovudsak heilt ned mot elvebreidda. Både oppstraums og nedstraums tiltaksområdet er det stadvis noko meir kantvegetasjon.


Tiltaksområdet ligg langs ein sving i elva. I samband med etablering av Sogn Handelspark er det fylt igjen eit søkk i yttersvingen som gjer at det ved ein flaumsituasjon blir eit mindre vassdekt areal enn tidlegare (Figur 2).



Figur 2: endring i vassdekt areal ved ein 200-års-flaum som følgje av utbygginga som har vore. Bilde frå søknad.

2.7 Beskriving av tiltaket

Det er planlagt å sikre Sogndalselvi over ein strekning på ca. 150 m. Strekningen viser på figur 3 og 4 under. Fordi det er antatt å vere fast fjell i aust viser figur 4 ei noko meir avgrensa sikring enn figur 3.



Figur 3: Tiltaksområdet. Blå skravur viser allereie plastrer område og raud skravur viser området som er planlagt å erosjonssikre.



Figur 4: Dette er strekningen som det i søknaden blir anbefalt å sikre.


I søknaden er det levert tre alternativ for sikringa. Nummeret på alternativet viser tiltakshavar si prioritering av alternativa.

2.7.1 Alternativ 1 – etablering av sikringstiltak der ein beheld elvesti og tørrmur


Det skal etablerast eit nytt, tilstrekkeleg sikringstiltak samtidig som ein skal behalde elvestien og eksisterande tørrmur i bakkant.

Det skal nyttast ein storleik på steinen i sideskråninga på $D50 = 1000$ mm og tjukne på 1-1,5 meter. Steinen skal leggst som plastring. Oppe på elvestien skal det leggst grove massar fordi det ikkje er nødvendig med like grov erosjonssikring på grunn av låg hastigheit på vatnet og låg vassdjupne. Plastring er difor ikkje nødvendig her.

Det skal vere gjort utskifting av massane bak tørrmuren då denne vart bygd, og den kan difor nyttast som ein del av erosjonssikringa. Dette er avhengig av at fundamentet til tørrmuren vert tilstrekkeleg erosjonssikra.




Figur 5: Snittet viser smalaste profil mellom mur og elva. Figur henta frå søknad.



Figur 6: prispnippsskisse der potensiell sone for kantvegetasjon (grønt) for alternativ 1 og 2 er visualisert. For alternativ 2 vil elvestien markert med oransje inngå som del av den grønne sona. Figur frå søknad.

2.7.2 Alternativ 2 – etablering av sikringstiltak der ein fjernar elvesti, men beheld tørrmur

Alternativ 2 inneber ei løysing der elvestien vert fjerna, men ein beheld eksisterande mur. Fordi det ikkje er anbefalt å grave nærare fundamentet på muren, vil det ved å behalde muren uansett vere eit platå på nedsida av muren med ei breidde på 3,7 meter. Dette alternativet vil såleis vere identisk med alternativ 1 med unntak av kva dette platået vert brukt til. Med alternativ 2 vil arealet gje meir rom for kantvegetasjon.




Figur 7: Snittet viser den smalaste profilen mellom mur og elva. Figur er henta frå søknaden.

2.7.3 Alternativ 3 – etablering av sikringstiltak der tørrmur er trekt tilbake innanfor tiltaksgrensa i reguleringsplanen


NVE bad om eit alternativ der tørrmuren var etablert innanfor tiltaksgrensa i gjeldande reguleringsplan. Med denne løysinga må det gravast ut ein del masse for å få erosjonssikra ned til



nivå med elva, og for å skape rom nok til å etablere ei tilbaketrekt erosjonssikring. Denne løysinga kan gi elva meir plass og bidra til å senke flaumvasstanden på staden. Dersom ein etterfyller massar mellom erosjonssikringa og elva vil det vere mogleg å etablere eit breiare belte med kantvegetasjon. Dette alternativet vil også gi betre plass til ein elvesti.



Figur 8: Figuren viser snitt der teknisk løysing omfattar ei tilbaketrekt erosjonssikring og tørrmuren er trekt innanfor grensa i gjeldande reguleringsplan (alternativ 3).



Figur 9: Prinsippskisse av potensiell sone for kantvegetasjon ved alternativ 3. Elvestien som er inkludert i alternativ 1 er vist i grått. Figur frå søknaden.

2.8 Søkar sine forslag til avbøtande tiltak

Avbøtande tiltak i anleggsfasen:



- Etablere ein voll eller legge enkelte store steinar oppstraums der ein arbeider, slik at ein får minst mogleg vasstraum inn i området ein arbeider. Hensikten med dette er å unngå utvasking av finstoff frå anleggsområdet og nedover i elva.
- For å unngå å skade egg eller yngel i grusen er det ønskeleg at graving i elveløpet skjer i perioden frå juli til og med september. Dersom det ikkje er mogleg å gjennomføre anleggsarbeidet i denne perioden, bør arbeidet skje i ein periode på året med lita vassføring. I Sogndalselvi har perioden januar til mars historisk sett vore den sikraste perioden på året for å finne låge vassføringar.
- Det vil også vere fokus på tiltak for å unngå avrenning av sprengsteinmassar til vassdraget. Føremålet med dette er å unngå avrenning av spisse steinpartiklar som kan skade gjellane på fisk og botndyr og kjemiske komponentar som er skadeleg for livet i elva. Tiltak som kan gjennomførast er at det i den nedre delen av erosjonssikringa anten vert nytta stein som ikkje er sprengt ut eller sprengsteinmassar som er vaska før de vert brukt i elva.
- For å avgrense negative verknadar for brukarinteresser, vil det vere viktig å ha kortast mogleg anleggsperiode.

Avbøtande tiltak knytt til utforming av sikringstiltaket:

- Sørge for at det er holrom i forbygginga, altså unngå glatt plastring. Steingrupper og gliper i sikringa kan gi skjul for ungfisk og standplass for vaksen fisk.
- Habitattiltak i form av plassering av enkeltsteinar eller grupper med stein framfor forbygginga for å lage skjul, i dei områda der tiltaket strekk seg heilt ned i elva. Det skal jobbast for å etablere variasjon som skaper bakevjer (f.eks. store steinar) der dette fell seg naturleg. Søkar vil og vurdere store flaumstabile steinblokker og steingrupper som kan sørge for at eigna substrat blir sortert i le av desse.
- Når sikringstiltaket er ferdig bygd, vil det vere viktig å legge til rette for raskast mogleg reetablering av kantvegetasjonen. Dette kan gjerast ved å tilbakeføre eksisterande eller nytt vegetasjonsdekke frå nærliggande område som leggst på toppen av steinlaget. Dette vil også bidra til at stadeigne artar vil etablere seg på nytt.

Avbøtande tiltak knytt til etablering av sti/gang- og sykkelveg:

- Det vert lagt opp til revegetering og planting av stadeigne tre på begge sider av den planlagde turstien for å sikre mest mogleg areal for eit samanhengande og funksjonelt vegetasjonsbelte langs vassdraget.
- Det skal gjerast forsøk på å etablere tre med kroner som vil gå over elvestien for å auke breidda på kantvegetasjonen både visuelt og funksjonelt.

Andre føresetnader:

- Det skal i samband med gjennomføring av sikringstiltaket utarbeidast ein gjennomføringsplan for anleggsfasen. Denne skal sikre at tiltaket blir gjennomført i tråd med dei krav og føringar som blir stilt. Planen skal utarbeidast og følgast opp undervegs i gjennomføringa av fagleg kvalifisert personell.



2.9 Forholdet til offentlege planer

2.9.1 Kommuneplan

Tiltaksområdet kjem innunder reguleringsplan (områdeplan) for Campus Sogndal. Denne vart godkjent 25.4.2019. Tiltaket påverkar områder som er avsett til føremåla *Turveg* og *Naturområdegrønnstruktur*.

Den 11.12.2008 vart reguleringsplan Nedrehagen – Kvåle bru godkjent. I forhold til denne planen er muren mot elva og deler av tilkomstvegen inn i næringsparken nord for den etablerte busetnaden i området etablert utanfor formålsgrensa i reguleringsplanen. Sjå figur 10 under. Områdeplanen frå 2019, som er omtalt ovanfor er no gjeldande for tiltaksområdet.



Figur 10: utsnitt frå Sogndal kommune sitt planregister. Bildet viser at muren mot elva og deler av veg er etablert utanfor formålsgrensa i reguleringsplan Nedrehagen – Kvåle bru. Bildet er henta frå søknaden som viser til www.kommunekart.no.

2.9.2 Verneplan for vassdrag

Sogndalselvi vart verna etter Verneplan IV for vassdrag i 1993. Vassdraget er oppgitt som representativt for indre fjordstrøk i Sogn, og har i tillegg store naturfaglege verdiar for alle naturfaga. Dei verdiane som er definert å ha *Meget stor verdi* er landfauna, kulturminneverdiar og friluftsverdiar. Vidare er vassfauna og botanikk vurdert å ha *Stor verneverdi*.

2.9.3 Geologisk arv

Frå tiltaksområdet og oppover i Sogndalselvi ligg Skjeldestadterassen, som av Norges geologiske undersøkelse (NGU) er registrert som geologisk arv. I munningen av Sogndalsdalen ligg mange og store glasi-fluviale terrassar i ulike nivå. Skjeldestad-terrassen er den største av desse.

2.9.4 Nasjonale laksevassdrag

Sogndalselvi er ikkje nasjonalt laksevassdrag, men elva renn ut i Sognefjorden, som er nasjonal laksefjord.



2.9.5 Kartlagt friluftslivsområde

Sogndalselvi er ifølgje Naturbase registrert som kartlagt friluftsområde med verdi *Svært viktig friluftsområde*. Elva er brukt til fiske og elvepadling.

2.9.6 EU sitt vassdirektiv

Ifølgje www.vann-nett.no påverkar tiltaket grunnvassførekomst 077-764-G Sogndal og vassførekomst 077-87-R Sogndalselvi.

For grunnvassførekomsten er den kvantitative tilstanden sett lik god og den kjemiske tilstanden er udefinert.

Sogndalselvi har økologisk tilstand svært dårleg og den kjemiske tilstanden er udefinert. Genetisk effekt av rømt oppdrettsfisk og lakselus er oppgitt som negative påverknadsfaktorar.

3 Høyring

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 og 5 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider www.nve.no/9072/V. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Statsforvaltaren i Vestland (23.1.2024):

Statsforvaltaren i Vestland meiner at alle tre alternativa kan gjennomførast med akseptable konsekvensar for naturmiljø, landskap og friluftsliv. Dei legg til grunn at det blir vurdert/stilt krav om avbøtande tiltak som er foreslått i søknaden. Sentralt her er tilrettelegging for eit funksjonelt kantvegetasjonsbelte, habitattiltak for fisk og avgrensing av anleggsaktivitet. Statsforvaltaren vurderer også at tiltaket, utført i tråd med plan og med avbøtande tiltak, ikkje vil føre til redusert miljøtilstand etter vassforskrifta.

Vestland fylkeskommune (24.1.2024):

Vestland fylkeskommune kjenner ikkje til kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket.

Sogndal Jeger- og Sportsfiskarlag (24.1.2024):

Sogndal Jeger- og Sportsfiskarlag (SJSL) viser til at det har vore gjort mykje arbeid for å betre forholda for anadrom fisk i Sogndalselvi. Undersøkingar tyder på at laksen i dag har dårleg gytesuksess i øvre del av elva. På bakgrunn av dette har Skandinavisk naturovervåking (SNA) på oppdrag frå SJSL kartlagt område i elva som kan utviklast til gode gyteområde og laga ein plan for korleis gyteområde skal utformast.

SNA har vurdert at elvestrekninga mellom Sogndal stadion og Kvåle bru er det beste alternativet for bygging av gytekulpar og utlegging av gytegrus. ADA AS har søkt om løyve til å erosjonssikre deler av denne elvestrekninga.

I den samanhengen ønskjer SJSL å peika på følgjande:



«

1. *For å unngå unødvendig graveaktivitet i elva bør arbeidet med erosjonssikringa og bygginga av gytekulpar i størst mogleg grad samordnast. SJSJ vil leggja fram plan for det planlagde kultiveringstiltaket, sjå punkt b) ovanfor.*

Vi viser elles til Biota Naturkompetanse AS sine notat, datert 13.10.2022 og 17.10.2023. Dei to notata (ref. 3) er vedlegg til søknaden frå ADA AS.

2. *Videoen «Sogndalselvi» (14.05.2023) er vedlegg til denne høyringsuttalen og syner tilhøva i og ved elva i det aktuelle området. Som det går fram av videoen, er elveløpet i stor grad innsnevra i kurva ved den planlagde elveforbygginga som følgje av oppsamling av steinmassar som vert transportert av elva. Fotoserien på side 3 i Biota-notatet datert 17.10.2023 illustrerer utviklinga av innsnevringa av elveløpet over tid. Kan det vera aktuelt å fjerna denne massen for å skapa eit breiare elveløp som vil føra til lågare fart på vassstraumen og betre gyteforhold? Eit breiare elveløp i elvekurva vil i tillegg redusera kraftverknaden på eksisterande og planlagd erosjonssikring.*
3. *Videoen syner at det i øvre del ADA AS sitt utbyggingsområde har vore betydeleg utfylling av lausmassar i anleggsperioden. Massane vil føra til innsnevring av elveløpet ved høg vassføring i elva. Bør desse massane fjernast frå elvebredden, og bør det byggjast ein tilbaketrekt støttemur som reduserer tilsiget til elva av finkorna masse frå utbyggingsområdet?»*

Aktørane i handelsparken (22.1.2024):

Aktørane i Sogn handelspark skriv i sin uttale at alternativ 1 er å føretrekke då dei to andre alternativa vil medføre ei rekke ulemper for deira verksemdar. Dei meiner også at alle alternativ kan gjennomførast utan vesentlege negative verknadar for elva og det akvatiske miljøet. Ulempene som er nemnt er:

«

- *Flytting av sti/gang-sykkelveg inn på Nøringsparken sine areal vil snevre inn trafikkareal i handelsparken, framfor bygg som er godkjent etablert og i drift på grunnlag av dei utomhusareala som er der i dag.*
- *Køremønster utanfor og gjennom bygg (drive in), parkeringsareal og varelevering må endrast og trafikkbildet vil opplevast som trongare og meir kaotisk. Dette på grunn av at ein blandar trafikk som skal til handelsparken og trafikk som skal gjennom området og vidare på elvestien.*
- *Samanknytting til dei andre delane av elvestien aust og vest for Næringsparken vil få utfordringar med stigningsforhold i terrenget, som gjer elvestien mindre tilgjengeleg for alle brukargrupper.*
- *Opplevingsverdien for dei som nyttar stien vil derte redusert dersom ferdsel er vekk frå vassdraget og inn i bygde og trafikkerte område i og rundt Næringsparken.*
- *Viss det må gjennomførast flytting og reetablering av tørrmur og veg inn til området, må etablert infrastruktur som straum, fiber, vatn og drenering i bakken leggjast om. Dette medfører store kostnader.*
- *Arealmessig får ei slik flytting svært store negative konsekvensar ved at parkeringsforhold og køremønster langs etablerte, godkjente bygg vert trongare, noko som vil medføre auka trafikkfare på området, særskilt for mjuke trafikantar.»*



Søkar kommenterte høyringsuttalane slik (29.2.2024):

Aktørane i Sogn Handelspark

«Uttalelsen fra Sogn handelspark viser at ulempene og kostnadene vil bli betydelige med tilbaketrekking av mur og flytting av ferdsel inn i handelsparkens områder. En vekting av fordeler og ulemper ved å gjennomføre alternativene 1, 2 eller 3, viser at alternativ 1 kommer best ut da det sikrer området mot flom, sikrer friluftsverdiene og kommunens prioritering av turveg langs elva samtidig som at man unngår omlegging av etablert infrastruktur opp mot etablerte bygg.»

Sogndal Jeger- og sportsfiskerlag (SJSL)

«Det vil vere positivt å få til en samordning av arbeidet med erosjons-sikring og eventuell bygging av gytelulper på den berørte elvestrekningen.

I konsesjonssøknaden er det lagt vekt på at tiltak minst mulig skal berøre den naturlige elvestrengen. Å fjerne masser fra elva bør vurderes i en egen prosess av NVE og ses i sammenheng med elveløpsformer med tilhørende prosesser som er et av grunnlagene for vassdragsvernet, veid opp mot fordelene med å bedre gyteforholdene.

For tiltakshaver er det svært viktig å få gjennomført de nødvendige sikringstiltak så raskt som mulig (juli-september 2024), og unngå negative konsekvenser med tanke på framdrift og økonomi.

Sikringstiltaket som omsøkt vurderes til å ikke påvirke bredden i form av innsnevring eller vesentlig endring av elvas form. Etablering av nytt, stabilt sikringstiltak samt revegetering av området langs elva, vil bidra til å redusere tilsig av finkorna masse.»

Statsforvaltaren i Vestland

«Tas til etterretning.»

Vestland fylkeskommune

«Tas til etterretning»



4 NVE si vurdering

Det er behov for å sikre Sogndalselvi ved Sogn handelspark. Sogndal kommune godkjente reguleringsplan for handelsparken i 2008. I behandlinga av konsesjonssøknaden har det komme fram at delar av infrastrukturen og bygga i handelsparken er bygd utanfor tiltaksgrensene i reguleringsplanen. Dette meiner NVE er svært uheldig, og minner kommunen om at når vi og andre høyringspartar uttalar oss til ein plan forventar vi at kommunen ser til at det som blir bygd faktisk er i tråd med den planen som er godkjent. Slik situasjonen er no er ting gjort i feil rekkefølge og det er vanskeleg å finne dei gode løysingane.


NVE presiserer at vi berre behandlar sjølve erosjonssikringa og elvesti i tilknytning til denne. Veg og anna infrastruktur som er bygd utanfor tiltaksgrensa i reguleringsplanen er det kommunen sitt ansvar å følgje opp. Vi minner om at kommunen også har ansvar for å følge opp Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag i si arealplanlegging.

4.1 Hydrologiske verknader av tiltaket

Den planlagde sikringa vil påverke om lag 150 m av elva og ligg langs ein sving i elva. I samband med etablering av Sogn Handelspark vart det fylt att eit søkk i yttersvingen, noko som fører til eit mindre vassdekt areal i ein flaumsituasjon (sjå figur 11 under). Vasstanden innanfor det no utfylte området var svært låg og vatnet var stillestående. Tiltakshavar vurderer at gjenfyllinga ikkje har påverka flaumfaren i vassdraget.

Søkar skriv at noverande breidde og djupn på elva ikkje skal endrast av sikringa. Med bakgrunn i dette meiner søkar at tiltaket ikkje vil føre til endringar i strøymingsmønster eller hastigheit på vatnet innanfor tiltaksområdet, eller i andre delar av vassdraget. Med føresetnad om at sikringa vert bygd som skissert i planen og ikkje påverkar verken breidde eller djupne i elva er NVE einige i tiltakshavar si vurdering.

Erosjonssikringa er planlagt ut i frå ein 200-årsflaum med eit klimapåslag på 20 %.



Figur 11: endring i vassdekt areal som følgje av den planlagde sikringa



4.2 Naturmangfald

Vedlagt søknaden er det to notat fra Biota Naturkompetanse som omhandler konsekvenser for kantvegetasjon og fisk.

4.2.1 Anadrom fisk

Sogndalselvi har ein anadrom strekning på 4,6 km i følgje Lakseregisteret.

Bestandstilstand for høvesvis sjøaure og laks er oppgitt til «dårleg» og «svært dårleg» i Lakseregisteret. Anleggsarbeid i samband med tiltaket vil føre til graving langs og stadvis i elva. Søknaden oppgir at på ca. 1/3 av strekninga vil etablering av den nye sikringa komme i kontakt med vatn i elva ved normal vassføring.

Graving ved og i elva fører til at finpartikulært stoff blir sleppt ut i vassdraget. Dette blir frakta med vatnet nedover i elva og vil etter kvart kunne sedimentere i gyteområde og øydelegge gytegroper viss det er egg og yngel i sanden. For å redusere slik skade på egg og yngel vert det generelt anbefalt å utføre slikt arbeid i perioden frå juli til og med september, fordi det då ikkje er egg og yngel i grusen. Viss ein ikkje klarer å utføre arbeidet i denne perioden bør ein forsøke å gjere det i periodar med låg vassføring.

Tiltakshavar har sjølv foreslått avbøtande tiltak for å redusere negativ påverknad på anadrom fisk. Dei vil sørge for holrom i forbygginga, altså unngå ei glatt plastring, slik at sikringa kan gje skjul for ungfisk. I tillegg vil dei plassere ut enkeltsteinar eller grupper med stein framfor forbygginga for å lage skjul i dei områda der sikringa strekker seg heilt ned i elva. Tiltakshavar vil jobbe for å etablere variasjon, som skaper bakevjer, ved hjelp av for eksempel store steinar der dette er naturleg.

Med fokus på desse avbøtande tiltaka i tillegg reetablering av kantvegetasjon kan ikkje NVE sjå at den planlagde elvesikringa vil føre til dårlegare forhold for anadrom fisk på lang sikt. Dette gjeld for alle dei tre alternativa.

Sogndal Jeger- og Sportsfiskarlag skriv i sin uttale at dei planlegg habitatforbetrande tiltak for anadrom fisk og at desse bør gjennomførast samtidig med sikringstiltaket for å unngå dobbelt opp med anleggsarbeid i elva. NVE har ikkje merknader til dette, men minner om at habitattiltak som ikkje er eit vilkår i denne konsesjonen må ha løyve frå Statsforvaltaren etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

4.2.2 Andre artar og naturtypar

Søk i Artskart og Naturbase den 22.5.2024 viser ikkje registreringar av viktige naturtypar eller raudlisteartar som kan bli påverka av det planlagde tiltaket. Det kom heller ikkje innspel i høyringsrunden som tyder på at det er spesielt viktig natur innanfor tiltaksområdet for erosjonssikringa.

4.2.3 Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om erosjonssikring av Sogndalselvi ved Sogn Handelspark legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.



Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, notat frå Biota naturkompetanse, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 22.5.2024. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til den planlagde erosjonssikringa finst det laks (NT). Ei erosjonssikring som planlagt vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5 gitt avbøtande tiltak i form av habitattiltak og reetablering av kantvegetasjon.

NVE har også sett påverknaden frå erosjonssikringa i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

4.3 Friluftsliv og landskap

Sogndalselvi er i Naturbase registrert som eit svært viktig friluftslivsområde, på den aktuelle strekninga. Det blir oppgitt at elva er brukt til fiske og elvepadling. I den godkjende reguleringsplanen er det med eit krav om at det skal etablerast ein gang/sykelsti langs Sogndalselvi. Dette vil utgjere ei sentrumsnær rundløype på begge sider av elva. Dette er sjølvstøtt eit svært positivt tiltak for folk som bur i området. I konsesjonssøknaden er det trekt fram at alternativ 1 er det einaste alternativet der ein vil få denne elvestien og at dei to andre alternativa difor vil ha negativ effekt på friluftsliv og brukarinteressar. NVE vil presisere at alternativ 3, der etablert infrastruktur vert trekt innanfor det som er tiltaksgrensa i reguleringsplanen absolutt ville gitt rom for ein elvesti og at ein truleg også ville fått ei betre naturoppleving ved at det var sett av meir rom for kantvegetasjon. Vi er difor ikkje einige i søkar si vurdering av at dette ville vere eit dårleg alternativ for friluftslivsinteressene i området.

NVE meiner likevel at også alternativ 1 vil gje eit betre tilbod til brukarane av området enn slik det har vore før elvestien vart etablert.

Landskapet med elva i fokus er på staden prega av at den etablerte handelsparken ligg tett på elva. Erosjonssikringa vil gjere at også sjølve elva på denne staden får eit tydeleg preg av å ikkje vere urørt. Store delar av Sogndalselvi er sikra også vidare nedover mot fjorden. Tiltakshavar skriv at dei vil ha fokus på reetablering av kantvegetasjon. Viss dette blir gjort på ein god måte, slik at ein får etablert store tre med kroner som kan henge utover elvestien, vil ein etter NVE si vurdering avbøte noko på den verknaden tiltaket vil ha for elva sin plass i landskapet.



4.4 Forholdet til EU sitt vassdirektiv

Sogndalselvi 077-87-R har økologisk status *svært dårleg* og udefinert kjemisk tilstand oppgitt i Vann-nett. Det kvalitetselementet som gir grunnlag for denne statusen er fisk (laks). Genetisk påverknad på laks frå rømt oppdrettsfisk og påverknad frå lakselus er oppgitt å ha stor grad av påverknad i Sogndalselvi. Mellom anna er påverknaden flaumvern vurdert til å i dag ha liten grad av påverknad på elva. Som vurdert ovanfor meiner NVE at det planlagde tiltaket ikkje vil medføre ytterlegare negativ påverknad på anadrom fisk i Sogndalselvi. I samband med erosjonssikringa skal det gjennomførast habitattiltak for fisk og også leggst til rette for meir kantvegetasjon enn det som var i området tidlegare. Vi kan ut i frå dette ikkje sjå at det planlagde tiltaket, som går over ei relativt avgrensa strekning, på lang sikt vil påverke nokre av kvalitetselementa som skal ligge til grunn for klassifisering av økologisk tilstand i ein slik grad at det gjer det vanskelegare å oppnå god økologisk tilstand.

Tiltaksområdet ligg også innanfor grunnvassførekomst Sogndal 077-764-G. I Vann-nett er denne oppgitt å ha god kvantitativ tilstand og udefinert kjemisk tilstand. NVE kan ikkje sjå at det planlagde tiltaket skal påverke verken kjemisk eller kvantitativ tilstand for grunnvassførekomsten.

Med bakgrunn i dette vurderer NVE at § 12 i vassforskrifta ikkje kjem til bruk i denne saka.

4.5 Naturfare

Tiltaksområdet ligg innanfor aktsomheitsområde for flaum. I Sogndalselvi opptrer dei store flaumane oftast i mai-juni i samband med snøsmelting, og i september og oktober med mykje nedbør. Det er venta at årsnedbøren i Sogn og Fjordane vil auke med om lag 15 %. Det er allereie i dag eit behov for å sikre handelsparken med omsyn på sikkerheit for infrastruktur og etablerte bygningar, og med utgangspunkt i klimaframskrivingane meiner NVE at behovet berre vil auke.

Tiltaksområdet ligg under marin grense og innanfor aktsomheitsområde for kvikkleire. NVE har ikkje gjort nærare vurderingar av dette og det er tiltakshavar sitt ansvar å ta høgde for dette ved detaljprosjektering og utføring av tiltaket. På oppdrag frå NVE er det gjort skredfarekartlegging i Sogndal kommune. Tiltaksområdet ligg innanfor kartleggingsområdet Stedje-Skjeldestad og har oppgitt faresone 1/5000 for skrev i bratt terreng. NVE kan ikkje sjå at det planlagde tiltaket vil påverke konsekvensane av eit eventuelt skred.

4.6 Fordelar for samfunnet

Sogn Handelspark er allereie ferdig utbygd og den planlagde sikringa vil sørge for at næringsområdet er trygt for flaum i framtida. Samtidig med sikringa skal det også byggast ein elvesti som er eit krav i eksisterande reguleringsplan. Dette vil komme allmennheita til gode i form av ei sentrumsnær rundløype til tur og rekreasjon. NVE vurderer tiltaket som viktig ut frå omsynet til sikkerheit for næringsområdet.

4.7 Verna vassdrag

Sogndalselvi er verna gjennom Verneplan IV (1993) for vassdrag. Vernet er i hovudsak mot kraftutbygging, men Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag gir føringar for andre tiltak som kan skade verneverdiane i verna vassdrag. Erosjonssikring er nemnt som eit tiltak som kan vere til skade for mellom anna kantvegetasjon, endringar i vasstrengen og friluftsliv. For Sogndalselvi er landfauna, kulturminneverdiar og friluftsliv oppgitt som verneverdiar med «meget stor verdi». Vassfauna og botanikk er vidare vurdert å ha «stor verneverdi».



Den nedre delen av Sogndalselvi er allereie betydeleg påverka av menneskelege inngrep. Det var den til dels også i 1993 då verneplanen vart vedtatt. Elva renn her gjennom tett busetnad og ein del av elvenaturen i form av kantvegetasjon og elva si moglegheit til å ta plass i ein flaumsituasjon er redusert i dette området. Med unntak av verdien vassfauna, knytt til anadrom fisk ligg nok hovudvekta av verdiar oppstraums Sogn Handelspark.

Erosjonssikringa, men kanskje vel så mykje sjølve handelsparken har påverka elva sin plass i landskapet. Frå å vere ei elv som rann gjennom jordbruksareal er den no i etterkant av at elva vart verna innklemmt mellom ein veg på eine sida og eit næringsområde på andre sida. Det er ikkje mykje rom att for elva. Det var ikkje lagt opp til sikring mot elva då handelsparken vart bygd, men dette behovet viste seg i ettertid. No er infrastruktur og bygningar på plass og det vil vere svært kostnadskrevjande å gå attende på dette.

Tiltakshavar skriv at erosjonssikringa ikkje skal påverke vassstraumen. Sikringa vil heller ikkje påverke oppvandring av anadrom fisk. I tillegg til reetablering av kantvegetasjon er det også planlagt habitattiltak for anadrom fisk i samband med sikringa. Saman med sikringa skal det etablerast ein elvesti som ivaretek elva sin verdi for nærfriluftsliv i Sogndal sentrum. Ut i frå dette meiner NVE at det planlagde tiltaket tek det nødvendige omsynet til verneverdiane. Tiltaket vil difor ikkje vere i strid med vassressurslova § 35 post 8.

Dei enkelte verneverdiane er grundigare vurdert under aktuelle tema ovanfor.

4.8 Val av alternativ

Søkar har presentert tre alternative løysingar og dei har også nummerert desse i prioritert rekkefølge. NVE vil poengtere at vi ikkje har lagt vekt på søkar si konsekvensvurdering av alternativ 3 som «noe negativ konsekvens» då ein enkelt ville fått plass til ein elvesti dersom handelsparken var bygd innanfor dei rammene som reguleringsplanen set.

Etter ei samla vurdering av fordelar og ulemper for dei tre alternativa vurderer NVE at alternativ 1 i stor nok grad tek omsyn til allmenne interesser i form av anadrom fisk, verna vassdrag, kantvegetasjon og friluftsliv til at dette alternativet som søkar ønskjer kan aksepterast.

4.9 Oppsummering

Sogn Handelspark er etablert nær Sogndalselvi og det er behov for å sikre mot flaum over ei strekning på 150 m. Det er også planlagt ein elvesti knytt til sikringa. Vassdraget er verna etter Verneplan for vassdrag og det er oppgang av anadrom fisk forbi området. Med restriksjonar om tidspunkt for gjennomføring av arbeidet, fokus på reetablering av kantvegetasjon og habitattiltak for anadrom fisk meiner NVE at tiltaket ikkje er i strid med vernegrunnlaget for Sogndalselvi.



5 NVE sin konklusjon

Sogndalselvi er verna etter verneplan for vassdrag. NVE meiner at tiltaket ikkje vil vere i strid med vassressurslova § 35 post 8.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev ADA Sogndal AS løyve etter vassressurslova § 8 til å erosjonssikre Sogndalselvi ved Sogn handelspark etter alternativ 1 i søknaden. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

6 Forholdet til anna lovverk

6.1 Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) § 4-3 bokstav b gir tiltak som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova, dersom tiltaket ikkje er i strid med lova sine bestemmingar med tilhøyrande forskrifter, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Dersom erosjonssikringstiltaket ikkje er tillate i gjeldande reguleringsplan, er det krav om omregulering eller dispensasjonsvedtak frå kommunen.

Tiltakshavar skal underrette kommunen så snart tiltaket er godkjent og angi tidspunktet for igangsetting. Underretning skal skje før byggearbeida startar. Underretninga er nødvendig for at kommunen skal kunne følge opp sine tilsynsoppgaver. For alle tiltak som omfattast av § 4-3 skal tiltakshavar, seinast innan fire veker etter at tiltaket er ferdig, opplyse om tiltaket si endelege plassering, slik at kartverket kan haldast oppdatert.

Krava i pbl. §§ 29-5, 29-7 og *byggteknisk forskrift* (TEK17), herunder kap. 7 om sikkerheit mot naturpåkjenningar gjeld så langt dei passer for tiltak som konsesjonsbehandlast etter vassressurslova. Det følger av pbl. § 29-5 at eitkvart tiltak skal prosjekterast og utførast slik at det ferdige tiltaket oppfyller krav til sikkerheit, helse, miljø og energi, og slik at vern av liv og materielle verdiar er ivareteke.

NVE understrekar at ansvaret for at tiltaket tilfredsstiller byggteknisk forskrift og sikkerheit mot naturpåkjenningar ligg hos tiltakshavar.

6.2 Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gje vilkår etter forureiningslova.



7 Konsesjonsvilkår for løyve etter vassressurslova

Konsesjonen omfattar etablering av sikringstiltak i Sogndalselvi som omsøkt etter alternativ 1. Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt miljøtilsyn og godkjennast før arbeidet startar. Utgiftene med dette skal dekkast av konsesjonær. Konsesjonær pliktar å gjere ei forsvarleg opprydding av anleggsområda. Oppryddinga må vere ferdig seinast to år etter at sikringstiltaket er ferdig etablert.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnadar:

Val av alternativ	Alternativ 1 i søknaden
Avklaring i forhold til reguleringsplan	Tiltakshavar må avklare forholdet til reguleringsplan med kommunen før innsending av detaljplan for miljø og landskap.
Gjennomføring av sikringstiltaket	Sikringstiltaket skal utformast og gjennomførast som beskrive i søknaden. NVE har ikkje vurdert den tekniske utforminga av sikringstiltaket. Dette vil heller ikkje bli vurdert i detaljplan. Det er tiltakshavar sitt ansvar at sikringstiltaket blir planlagt og utført i tråd med gjeldande reglar og retningslinjer.
Tidspunkt for gjennomføring	Av omsyn til fisk skal tiltaket primært gjennomførast i perioden juli-september. Dersom dette ikkje let seg gjere kan tiltaket også gjennomførast i ein periode med låg vassføring i elva.
Elvesti	Det skal etablerast ein elvesti, som ein integrert del av sikringstiltaket, slik det kjem fram i søknaden. Denne skal utformast i tråd med gjeldande reguleringsplan, men med fokus på at det skal vere rom for kantvegetasjon.
Kantvegetasjon	Det skal leggjast til rette for etablering av kantvegetasjon på begge sider av elvestien, som beskrive i søknaden. Figur 6 i dette notat viser ei prinsippskisse for kantvegetasjon. Der det er mogleg skal det leggjast til rette for å etablere tre med kroner over elvestien. Søknaden oppgir at alt. 1 vil gi ei breidde på kantvegetasjon på gjennomsnitt 8 m (2 m – 14 m) langs erosjonssikringa. Endeleg løysing må komme tydeleg fram i detaljplan.
Avbøtande tiltak for fisk	Det skal gjennomførast avbøtande tiltak som tiltakshavar sjølv har beskrive i kap. 4 i søknaden. Desse tiltaka skal utformast i samråd med nokon med fiskefagleg kompetanse. Endeleg løysing må komme tydeleg fram av detaljplanen.



	Habitattiltak ut over det som er nemnd i denne konsesjonen må ha løyve frå Statsforvaltaren etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.
--	---

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Bortfall av konsesjonen

Konsesjonen fell bort viss ikkje arbeidet er sett i gang seinast tre år etter at den er gitt, jf. vassressurslova § 27. Det same gjeld viss arbeidet blir innstilt i meir enn to år. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen éin gong med inntil tre nye år.

Konsesjonær sitt ansvar ved anlegg/drift osv.

Konsesjonæren har plikt til å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta og gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osv. når dette er ønskeleg av vitskaplege eller historiske grunnar eller på grunn av området sin naturskjønneheit eller eigenart. Dersom slike øydeleggingar ikkje kan unngåast, skal rette myndigheter underrettast i god tid på førehand.

Godkjenning av planar, landskapsmessige forhold, tilsyn osv.

Godkjenning av planar og tilsyn med utføring og seinare vedlikehald og drift av anlegg og tiltak som omfattast av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkast av konsesjonæren.

Konsesjonæren pliktar å legge fram for NVE detaljerte planar med nødvendige opplysningar, berekningar og kostnadsoverslag for reguleringsanlegga. Arbeidet kan ikkje settast i gang før planane er godkjent. Anlegga skal utførast solid, minst mogleg skjemmande og skal til ei kvar tid haldast i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren pliktar å planlegge, utføre og vedlikehalde hovud- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mogleg.

Konsesjonæren pliktar å foreta ei forsvarleg opprydding av anleggsområda. Oppryddinga må vere ferdig seinast 2 år etter at anlegg eller del av anlegg er sett i drift. Hjelpeanlegg kan påleggast planlagt slik at dei seinare blir til varig nytte for allmennheits dersom det kan skje utan uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget. Ansvar for hjelpeanlegg kan ikkje overdragast til andre utan NVE sitt samtykke. NVE kan gi pålegg om nærare gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.



Kontroll med at vilkåra blir overhalde

Konsesjonær må forhalde seg til dei bestemmingane som til ei kvar tid blir gjort gjeldande av Energidepartementet til kontroll med at gitte vilkår blir overhalde. Utgiftene med kontrollen skal dekkast av konsesjonæren etter reglar som gitt av Energidepartementet.

For å sikre at vedtak i medhald av vassressurslova blir gjennomført, kan den ansvarlege påleggast tvangsmulkt til staten, jf. vassressurslova § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når eit rettsstridig forhold er konstatert kan det gjevast pålegg om retting og om nødvendig påleggast stopp av pågåande verksemd, jf. vassressurslova § 59.

Viss konsesjon, konsesjonsvilkåra eller pålegg fastsett med heimel i vassressurslova overskridast kan det påleggast lovbrotsgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre månader, jf. vassressurslova §§ 60a og 63 første ledd bokstav c. Vassdragsmyndigheita kan heilt eller delvis inndra utbytte frå lovbrøt jf. vassressurslova § 60b.

Med helsing

Carsten S. Jensen
konsesjonsansvarleg

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar